



KVINNHERAD
K O M M U N E
Ordfører

Statsråd Monica Mæland

| | | | | |
|---------------------------|---------------------|----------|-------------|------------------|
| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: 08.10.2018 |
| Peder Sjo Slettebø | 907 40 595 | | | |

Vedtak av statleg kommunedelplan E39 Stord-Os

Vyrde statsråd Monica Mæland.

Eg takkar for sist då vi møttes på statsråden sitt kontor i samband med møte mellom statsråden og ordførarane i Austevoll, Tysnes og Kvinnherad. På slutten av møtet orienterte underteikna stutt om at Kvinnherad kommune no, saman med Tysnes og Stord kommunar, har starta eit utgreiingsarbeid for eit ferjefritt samband mellom Kvinnherad og nye E39. Dette sjølvst i forståing med Hordaland fylkeskommune som vegeigar. Eg vil no skriftleg orientera statsråden nærare om arbeidet, med von om at departementet vil leggja vekt på dette når ein skal gjera vedtak om statleg kommunedelplan for E39 Stord-Os.

Den aktuelle løysinga som no skal utgreiast består av flytebru frå fastlandet i Kvinnherad (sjå vedlagt kartskisse) og over til Huglo i Stord kommune. Derifrå med bru over Laukhamarsundet mellom Huglo og Tysnes kommune. Vidare vil det for eit slikt prosjekt kunna vera avgjerande med ei påkopling til nye E39 så langt sør på Tysnes som mogleg, og det er hovudsakleg dette eg vil peika på i dette skrivet.

Status for utgreiingsarbeidet så langt er følgande: Det er av interesseselskapet Sunnhordlandssambandet A/S (eigd av kommunar og næringsliv) tinga ein rapport utarbeida av Norconsult. I denne har ein etter Statens Vegvesen sine modellar rekna ut forventa årstdøgertrafikk (ÅDT) over ei eventuell ferjefri fjordkryssing mellom Kvinnherad og nye E39, og vidare kva påverknad dette vil ha på trafikkmønsteret på E39 mot Stord. Rapporten ligg vedlagt. Den aktuelle rapporten syner også at samfunnsnytte og trafikantnytte ved val av det søndre kryssingsalternativet på E39 over Langenuen (Jektevik-Hodnanes) vil betra seg monaleg dersom ein får på plass ei ferjefri påkopling for Kvinnheradtrafikken. Kvinnherad er i dag med sine 13.100 innbyggjarar den største kommunen langs E39 som ikkje har ei tenleg påkopling. Med ei tenleg påkopling der

Kvinnheradtrafikken i hovudsak vil velga E39 som veg til Bergen, vil det få vesentleg betydning for finansiering og nytte av nye E39 Stord-Os.

Det avgjerande for eit ferjefritt samband frå Kvinnherad vil vera at trafikkgrunnlaget (bompengegrunnlaget) og forventa ferjeavløysingsmidlar for ferjesambandet Ranavik-Skjersholmane (Kvinnherad-Stord) i sum vil vera tilstrekkeleg til å finansiera eit ferjefritt samband. Hordaland fylkeskommune kan vi ikkje venta vil ha investeringsmidlar tilgjengeleg til eit slikt prosjekt.

Eg skriv ikkje til statsråden i von om å få statlege midlar til prosjektet, men bed om at statsråden legg til rette for at sambandet kan realiserast ved å ta omsyn til dette i vedtaket om statleg kommunedelplan for strekninga.

Etter det vi så langt har henta inn av berekningar ser vi positivt på realismen i prosjektet. Neste steg i utgreiingsarbeidet no vil vera at kommunestyra i dei tre kommunane og folkevald nivå i fylkeskommunen innan utgongen av dette året vil få sak om utarbeiding av eit forprosjekt til handsaming. Prosjektplan for forprosjektet vert utarbeida av Kvinnherad kommune i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Forprosjektet skal vera eit tilstrekkeleg grunnlag for ei avgjerd om å gå vidare med prosjektet, og vi reknar med at eit ferdig forprosjekt vil ligga føre innan sommaren 2019.

Ved val av den søndre kryssinga av Langenuen på E39 vil ein oppnå at Sunnhordland blir knyta tettare saman som region. Alle dei tre kommunane og fylkeskommunen har i sine høyringsuttalar til kommunedelplanen peika på søndre kryssing. Ved val av midtre kryssing vil ein oppnå svakare regional integrasjon dersom Kvinnherad i framtida får påkopling til E39 på Tysnes. Eg syner til vedlagde rapport kva gjeld nytteverdien av å velga søndre kryssing i kommunedelplanen.

Eg vonar statsråden tek med seg dette innspelet i det vidare, og strekar under at det er svært viktig for Kvinnherad å få nytte av nye E39. Det får vi best med ei ferjefri tilknytning og ei påkopling lengst mogleg sør på Tysnes.

Med helsing

Peder Sjø Slettebø
Ordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:

Statsråd Jon Georg Dale
Ordfører Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune
Ordfører Gaute Straume Epland, Stord kommune
Hordaland fylkeskommune, Samferdsleavdelinga v/ Matti Torgersen